

Retningslinjer for Ungutvalet DNT Sogn og Fjordane

Hovudoppgåver:

- DNT ung Sogn og Fjordane skal arbeide for å skape aktivitet for ungdom. 'Ungdom skapar aktivitet for ungdom'
- Drift av Ung sine sosiale media
- Inspirere etablerte og oppstart av nye lokale DNT ung-lag. Styrke samhandlinga mellom turlaga innan friluftsliv for ungdom
- Gjere unge i aldersgruppa 13-26 år i Sogn og Fjordane kjende med turlaga sine aktivitetstilbod
- Oppmode fleire ungdommar til å bli med på turar, kurs og arrangement
- Gjere aktivitetar tilgjengeleg for ungdom med høve til å låne utstyr som t.d. randonnee- og telemarkski, kajakk, klatreutstyr, fridykkarutstyr og sykklar
- Arbeide for at BaseCampar og lokale campar for ungdom vert arrangert årleg.

Organisering av utvalet:

DNT Ung Sogn og Fjordane skal ha ein vald leiar, to medlemmer og to varamedlemmer. Desse vert vald på DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte

DNT Ung bør møte med leiar eller eit av styremedlemmene på DNT Sogn og Fjordane sine styremøter, fellesmøte og årsmøte.

DNT Ung skal ha jamnlege arbeidsmøter ved behov (teams eller fysiske møter).

DNT Ung bør ta del på DNT ung region sør-vest sine samlingar

DNT Ung bør ta del på DNT ung sine landsmøter

Eksempel på andre aktivitetar som som utvalet kan engasjere seg i:

- Oppmode og støtte lokallaga til å arrangere friluftscamp, friluftsmoro, friluftsskule
- Organisasjonskurs
- Nybegynnarkurs rando
- Grunnkurs klatring
- Surfetur til Stad/Hoddevika
- Hytte til hytte tur
- Brefestival i Jostedalen
- Nasjonale DNTung arr som Grøn fredag, nasjonal byttedag.